

Bacheloroppgåve i planlegging og administrasjon

Kulturarven som ressurs

Korleis nyttar Stad kommune kulturarven som ressurs
for å skape attraktive lokalsamfunn?

Trond Fredrik Hagemann Hoddevik

Studium: Bachelor i planlegging og administrasjon

2020

Tal ord:

9096



HØGSKULEN
I VOLDA

*I ei turbulent tid våren 2020 har vore, ynskjer
eg å rette særskild takk til dei som bidrog i
mitt arbeid med bacheloroppgåva.*

Samandrag

Bacheloroppgåva vil sjå på korleis kulturarv kan bli nytta som ressurs i lokal planlegging for å skape meir attraktive samfunn. Underspørsmåla tar sikte på å finne svar på Stad kommune sine målsetningar for kulturarven, praktisering av desse og om dette gir eit positivt tilskot for lokalsamfunnsutviklinga. Det blir gjort greie for kva omgrepet kulturarv er og korleis planlegging til det har utvikla seg. Samt at diskursive tilnærmingar skal spisse inn kva styrker Stad har i høve attraktivitet. Gjennom denne teksten vil lesaren sjå at kulturarv vil krevje brei medverknad og langsiktig planlegging.

Det kan ligge sterke kjensle for korleis t.d. eit kulturminne blir forvalta, og Stad er ingen unntak. Identitet er ei medverkande faktor for stadattraktivitet, og kommunen planlegg å framheve kulturen og landskapet i sitt territorium. Dette kjem til syne i plandokument som kommunedelplanar for kulturarv og strategidokument. Førstnemnte blei til før kommunereforma. Tidlegare var dette to kommunar med namnet Selje og Eid. Dei gamle kommunane har skilt seg på si ressursbruk av kulturarven. Dette kjem godt til syne gjennom intervju med kommunalt tilsette med tilknytning til dei gamle kommunane.

Mot slutten rettast det fokus på diskursane. Det vil kome fram at Stad ynskjer å byggje fellesskap gjennom samskaping, men at det krev engasjement frå lokal-samfunna. Derfor er det rimeleg å forvente at Stad ynskjer attraktivitet basert på autonomidiskurs. Likevel er der noko trekk av bustadiskursen som også gjer seg gjeldande.

Innhald

1. Innleiing	4
1.2 Problemstilling.....	5
1.3. Fakta om Stad kommune	6
2. Teori	7
2.1 Kulturarv.....	7
Regional og lokal planlegging av kulturarv.....	8
Kulturarv som ressurs.....	10
2.2. Attraktive samfunn.....	11
Bustaddiskurs.....	11
Autonomidiskurs.....	11
Ulik forståing av attraktive samfunn.....	12
2.3. Styrkar og svakheiter med valt teori.....	13
3. Metode.....	14
3.1. Dokumentanalyse.....	14
3.2. Kvalitativ metode.....	15
3.3. Gjennomarbeiding av innsamla data	16
3.4. Validitet og reliabilitet.....	16
3.5. Etske omsyn.....	17
4. Empiri	18
4.1. Dokumentanalyse av kommunedelplanar for kulturarv	18
4.2. Dokumentanalyse av strategidokument.....	19
4.3. Kvalitativ djupintervju.....	20
4.4. Oppsummering.....	22
5. Drøfting	23
5.1. <i>Kva målsetting har kulturminneplanane i Stad kommune for bruk av i kulturarv</i>	<i>23</i>
5.2. <i>Kva framgangsmåte har kommunen for å nå desse målsettingane?</i>	<i>24</i>
5.3. <i>Korleis vil kommunens arbeid av kulturarv bidra til skape meir attraktive samfunn?</i>	<i>26</i>
6. Konklusjon.....	29
7. Litteraturliste.....	30
Figurar	31
Vedlegg 1 Intervjuguide.....	32

1. Innleiing

Bacheloroppgåva tar føre seg tema om kulturarv og korleis kommunen planlegg å nytte den som ei ressurs, med hensikt til å drive stadutvikling for å skape attraktive samfunn.

Kulturarven er noko innbyggjarane ser på som historisk viktig. Det er derfor i offentleg sektor, om det er stat, fylkeskommune eller kommune si interesse å kunne først og fremst ta vare på det. Kulturarv er også anerkjent for å ha potensialet til å utvikle staden den er lokalisert i. Kulturminne og kulturmiljø som ein eigenart inngår som: «en del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning» (Kulturminnelova, 1978, §1)

Kulturminneplanar blir lagd på oppfordring av Riksantikvaren. Intensjonen er å ivareta desse viktige ressursane, som eit ledd i å nå eit av måle i den nasjonale kulturminnepolitikken om å redusere årleg tap av kulturminne. Rolla til fylkeskommunen er vidare å vere bidragsytar i kommunane sitt arbeid med å utarbeide kulturminneplanar. Kulturarv er kunnskap som er kanskje mest tilgjengeleg for allmenta og den skal derfor inngå som ein del av ei langsiktig og berekraftig forvaltning. Desse unike spora frå historia kan kome til syne i form av menneskelege konstruksjonar og naturlandskapet. (Riksantikvaren, 2020)

Etter mitt perspektiv er det kulturarv, som bidrar til å gjere eit lokalsamfunn meir spesiell enn andre. Kanskje det er mi personlege interesse for historie som gjer til at kulturarven er viktigare enn den gjennomsnittlege borgar. Eg skal heller ikkje leggje lokk på mi sterke tilknytning til kommunen som eg skal forske på. Likevel skal ikkje mitt personlege perspektiv male over objektivitet. Ei heller påverke spørsmål eg stillar i problemstilling og intervjuguide. Det er denne genuine interessa som er drivkrafta, og den skal ikkje brukast utover det.

1.2 Problemstilling

Problemstillinga er følgjande: *korleis nyttar Stad kommune kulturarven som ressurs for å skape attraktive lokalsamfunn?*

I denne oppgåva spør eg korleis nyttar Stad kommune kulturarven for å skape attraktive lokalsamfunn. Kommunen er lokalisert i Vestland fylket og berer preg av eit naturlandskap som er svært ettertrakta. Historikk spelar også ei vesentleg rolle, då kommunen har fleire områder dei ser på som viktig å ta vare på, spesielt kystkulturen. Derimot må ikkje kulturarv augeblikkeleg bety at det ikkje kan bidra på andre utviklingsfelt. For kva om den kunne gjere lokalsamfunna meir attraktive?

Teoriar som skal brukast her er to diskursive tilnærmingar for lokalsamfunn. Bustaddiskurs og autonomidiskurs er to ulike syn på kva som gir god stadattraktivitet. Det skal også fokuserast på trivselsaspektet, sidan det gjerne direkte korrelerer med om eit lokalsamfunn er attraktivt. Derfor kan ein for kort seie at teorien handlar om diskursive tilnærmingar som forsøker å gripe forståingar av måten staden blir til på.

Det sentrale element er kulturarven. Eit attraktivt lokalsamfunn har stor spennvidde av faktorar, og ei grense må trekkast opp. Forskingsspørsmåla reflekterer dette, og skal styrke opp om problemstillinga. Forskingsspørsmåla rettar seg derfor mot hovudsakleg tre element.

- *Kva målsetting har kulturminneplanane i Stad kommune for bruk av i kulturarv?*
- *Kva framgangsmåte har kommunen for å nå desse målsettingane?*
- *Korleis vil kommunens arbeid av kulturarv bidra til skape meir attraktive samfunn?*

Først skal det foreta ei analyse over kva målsetting kommunen har satt i sine kulturminneplanar om bruk av kulturarven som ressurs. Det andre spørsmålet rettar seg mot å analysere kommunens praktiske gjennomføring for å nå sine egne mål. Til slutt vil det tredje spørsmålet fokusere på kva avgrensingar kommunen gjer opp om bruk av kulturarven.

For å stille dette i perspektiv, trekkjer eg inn kommunen eg tek utgangspunkt i for oppgåva: Stad kommune. I ei artikkel frå NRK Vestland slo ei lokal ekspert på kulturarv alarm om at kommunen ikkje burde promotere staden for turisme. Personen kritiserte kommunen for å vere for begeistra over auka inntekter frå næringsliv og turistar. Eksperten la til grunn av sjølve kulturarven er for skjør til å oppleve meir press og vidare næringslivsutvikling ikkje betrar situasjonen. Det var derfor feil å skulle ha som mål for 2030 at nettopp denne plassen

skulle vere ei leiande turistattraksjon i kommunen (Nyhus, 2019). Her har fokuset vore på korleis lokalsamfunna gjer seg meiningsfulle i ei økonomisk diskurs. Dette er eit døme på korleis stadmarknadsføring har blitt brukt som ei politisk strategi for stadutvikling (Villa & Haugen, 2016, s. 98).

1.3. Fakta om Stad kommune

Stad kommune kom i drift frå 01.01.2020 då Regjeringa si kommunereform tok i kraft. Kommunen er slått saman av dei to tidlegare kommunane Eid og Selje. Eid omkransar mykje av Nordfjorden, medan Selje utgjer Stadhalvøya. Selje var betydeleg mindre enn Eid, med omtrent 2000 innbyggjarar. Eid på side hadde omtrent 7500, og til saman har Stad ei innbyggjartal på 9500. Dette er nærme idealet for 10 000 innbyggjarar regjeringa ynskja. Derfor planlegg Stad kommune for å få folketalsauke. Selje er forventa å fortsett ha ei befolkningsnedgang, medan Eid er spådd å få oppgang. I samanslåingsprosessen planla derfor fellesnemnda for å snu trenden i Selje. Stad har kommunesenter i Nordfjordeid, men har og delar av administrasjonen i det gamle kommunehuset til Selje. Sidan kommunen er relativt ny, opererer den med to planar for mange av sektorane og tematiske områdar. Det same gjeld for kulturminneplan. Dei to planane vart ferdig utarbeid i 2017 for Eid, og 2019 for Selje. Noko begge kommunane har hatt til fellesskap er at dei innehar ei rik vikinghistorikk.

2. Teori

I denne seksjonen av oppgåva skal det gjerast greie for kva teori som er aktuell for vidare analyse etter innsamling av empiri. Hovudsakleg er teorien delt i to bolkar. Første handlar om å definere omgrep som t.d. kulturarv og kulturminne. Samt klargjere kva som inngår i kommunale kulturminneplanar. Det andre vil handle om teoretisk innfallsvinkel på korleis ein målar attraktivitet i samfunnet. I korte trekk to typar diskursar; bustaddiskurs og autonomidiskurs. Her skal det rettast særskild merksemd til korleis lokalsamfunnet kan vurderast svært ulikt basert på sitt «narrative» særpreg og ulik oppfatning om stadutvikling. Til slutt blir det kort gjort greie for styrkar og svakheiter med valet av teori.

2.1 Kulturarv

Kulturarv har mange definisjonar. I ei tale frå desember 2019 uttalte dåverande statssekretær i klima- og miljøverndepartementet Sveinung Rotevatn at kulturarven er «*grunnlaget for sivilisasjon og kulturminna er dens materielle uttrykk.*» Vidare blei det omtalt som ei «*kjelde og nøkkel til fortida, og eit kompass for framtida*», og at dette skulle bringast vidare til våre etterkommarar (Rotevatn, 2019).

Den rådande definisjonen på kulturarv i Noreg kan ein finne i kulturminnelova: «kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som en del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning», jf. kulturminnelov §1-1. I kort trekk så er omgrepet kulturarv nokså vidt. Vidare eksemplifiserer lova omgrepa kulturminne: «all spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til», og kulturmiljø: områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng». (Kulturminneloven, 1978) Regjeringa opnar opp for at kulturmiljø skal vere eit samleomgrep for «kulturminne, kulturmiljø og landskap». Landskap blir her definert som: «Et område, slik folk oppfatter det, hvis særpreg er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer» (Klima- og miljødepartementet, 2020).

Kulturarv inndelast i materiell eller immateriell. Materiell kan forståast som synbare, fysiske gjenstandar, altså kulturminne. Det er under Riksantikvaren og klima- og miljødepartementet at den offentlege innsatsen at vern av kulturminne skjer. Førstnemnte organisasjon operer også med ei lengre forklaring på kulturminne. Her inkluderast også naturelement med

kulturhistorisk verdi som eit kulturminne. Tidsperspektivet kan strekke seg «frå tidlegare tider til vår eiga tid» På den andre sida har ein immateriell kulturarv, det urørlege, som i praksis kan vere alt frå tru, tradisjonar, segn, uttrykk, m.m. (Riksantikvaren, 2020)

Immateriell kulturarv blei utarbeidd i ei konvensjon i UNESCO. I konvensjon frå 2003 blei det framheva at immateriell (uerstatteleg) kulturarv er uttrykk og praksisar som samfunn, grupper og i somme situasjonar det enkelte individ, betraktar som ei del av sin kulturarv. Det skal likevel poengterast at «kulturberaren» held på definisjonsretten. Kulturberaren er for så måte dei organisasjonane eller ikkje-institusjonaliserte miljø som driv aktiv vern og utgjer i fundamental forskjell på kulturuttrykk si stadtilhøyrse. I korte trekk så teiknar ein gjerne eit bilete av at eldsjeler har ei viktig rolle for ivaretaking av kulturminne. (ABM-utvikling, 2010)

Regional og lokal planlegging av kulturarv

Denne oppgåva kjem ikkje til å vurdere kor godt kommunen overheld sitt ansvar gjennom kulturminneplanen og dei rettsreglane som lagt til grunn i kulturminnelova. Det skal likevel påpeikast at det er relevant å framheve kva interesser som har ført til dagens kulturminnelov, og kvifor kommunen lager kommunedelplan for kulturarv.

Organisert ivaretaking av kulturarv har teke plass heilt tilbake til 1760, med etablering av historiske museum i Trondheim. Sidan 1912 har Noreg hatt Riksantikvaren med den hensikt å ivareta landets kulturminne frå mellomalder til nyare tid. Frå 1990 har meir ansvar blitt delegert vidare frå Riksantikvaren og ned til regionalt forvaltningsnivå. I samband med regionreforma i 2020 så har meir ansvar blitt satt ned til fylkeskommunane. Heretter skal fylket ta hovudrolla som regional utviklingsaktør og står til hovudansvar for at kulturmiljø blir teke vare på i samfunns- og arealplanlegginga både regionalt og kommunalt (Klima- og miljødepartementet, 2020, ss. 24-26).

Minnesmerke og bygningar, samt restar av buplassar frå våre første busetjarar representerer vår felles historie. Ei historie som er unik og uerstatteleg kjelde til kunnskap og tidlegare samfunnsliv. Derfor teiknar ein gjerne kulturarv som ei ressurs for kunnskap, opplevingar og verdiskaping. Ved år 2000 såg datidas regjering at vernet på kulturminne og kulturmiljøa ikkje haldt. Situasjonen var at landet årleg tapte kulturminne til blant anna dårleg eller ikkje-eksisterande vedlikehald, ulovleg øydelegging og at kulturarv tapte kampen mot anna type utbygging. Ambisjonen var å minimere nedgangen av tapte kulturminne og forhåpentlegvis

snu trenden. Innan 2013 gjekk likevel utviklinga i negativ retning. Kulturarv må ikkje naudsynt bindast opp om nasjonale monument eller kulturminne. For innbyggjarane er lokal historikk og symbol ha stor affeksjonsverdi for dei, og spele inn på kommunen sin heilskaplege identitet. (Winge, 2013, ss. 269-273)

Sidan 2011 har Riksantikvaren gjennomført eit prosjekt med namnet KIK (kulturminne i kommunen). Organet stadfestar at kommunane er: «forvaltarar av kulturminne og kulturmiljø», og det er derfor betre om dei er rusta til slike forvaltningsoppgåver. Derfor er kulturminneplan eit slikt godt verkty. Ei slik kulturminneplan skaffar oversikt over kommunens «kulturminne og kulturmiljø, samt at den skal innhalde ei forvaltningsplan for desse. Initiativet til kulturminneplanar kom på bakgrunn av nasjonalt miljømål 2.1.: «å redusere tapet av verneverdige kulturminner.» Samt at det kom fram i Regjeringa sitt planleggingsdokument nasjonale forventingar at dette skulle bli følgt opp. Riksantikvaren tok derfor ei sats på å styrke kompetansen om kulturminne i kommunane og få betre oversikt over verneverdige kulturminne i form av lokale kulturminneplanar. Kulturminneplanane skal bidra til å aktualisere kulturarven si rolle i samfunnsutviklinga. (Riksantikvaren, 2020). Sidan prosjektet tok til, har 90 prosent av landets kommunar innan 2019 mottatt støtte til å lage eiga kulturminneplan. Målet er at innan utgangen av året 2020, så skal 90 prosent av alle landets kommunar ha ei ferdig utarbeida kulturminneplan. (Klima- og miljødepartementet, 2020, s. 64).

Kulturarv som ressurs

Riksantikvaren er Noregs nasjonale organ for kva retningslinjer offentleg sektor på lågare nivå skal ta omsyn til når det kjem til bruk av kulturarv. Desse anbefalingane vedkjenner at regional og kommunal forvaltning gjer det riktig i å vurdere korleis kulturarven kan nyttast som ressurs. Omgrepet «ressurs» i dei aller fleste tilfelle er gjerne potensialet for økonomisk utvikling/næringsutvikling.

Omdøme-bygging som kviler på det historiske bakteppet opnar opp for at profilering av stadens kvalitet for både næringsmessige moglegheiter, men også som aktuell besøksstad. Det er først i nyare tider at kulturarv blitt observert som ei u-utnyttta ressurs i næringssamanheng. Samtidig erkjenner rapporten frå norsk institutt for by- og regionforskning frå 2010 at: «forvaltning av kulturarv ivaretas ikkje bare av fagfolk og politikere, men like mye av sivilsamfunnets aktører og næringslivet.» Kulturarven bringer identitet til staden, og den kan vidareutviklast til å også tene næringsutvikling. Frå tusenårsskiftet føregjekk det eit paradigmeskifte. Kulturarv skulle ikkje lenger stå som botemiddel mot aukande internasjonalisering, men heller bruke den som eit verkemiddel for utvikling av lokalsamfunn, kulturmiljø, reiseliv og sysselsetting, samt identitetsbygging. Det skal merkast at når kulturarven tener så mange formål utanfor sitt opphavlege verkeområde, så mistar den gradvis si kulturelle autonomi og eigenverdi (Skogheim & Vestby, 2010, ss. 6-8). Eit praktisk eksempel var dømet for kommunen som skal forskast på. Her var det ueinigheit om det var riktig å promotere kulturarven, eller om nettopp slik næringsutvikling gjer skade på sjølve kulturminnet.

Fysiske særpreg og romlige kvaliteter: <ul style="list-style-type: none">– Arkitektur og fysisk utforming– Natur og landskap– Beliggenhet– Sentralitet og lokalisering– Infrastruktur– Kommunikasjon	Næringsliv og næringsstruktur: <ul style="list-style-type: none">– Næringslivshistorie– Næringsstruktur– Handelsvirksomhet– Næringsbygg- og anlegg– Næringsarealer/områder– Utviklingstendenser
Kultur og historie: <ul style="list-style-type: none">– Tradisjoner i lokalsamfunnet– Fysisk kulturarv- og miljøer– Immaterielle kulturminner– Kulturliv som tilbud, opplevelser og aktiviteter– Hendelser og begivenheter som preger by og folk– Rituelle arrangementer og praksisformer	Lokalbefolkning og det sosiale liv: <ul style="list-style-type: none">– Befolknings sammensetning– Verdier– Vaner og sosial praksis– Den sosiale takhøyden– Lokal mentalitet og humor– Sosiale miljøer og nettverk– Tradisjoner for dugnader, medvirkning, fellesinnsatser

Figur 1 Stedsidentitet. Bilete henta frå NIBR-rapport 2010 om kulturarv og stedsidentitet

2.2. Attraktive samfunn

Ein kan ofte betrakte eit attraktivt lokalsamfunn for å vere der mest migrasjon hender. Migrasjon her vere eit positivt lada uttrykk som sikter inn på tilflytting framfor fråflytting. Likevel, to andre måtar å undersøke attraktivitet er tilnærmingar som beskriver lokalsamfunnet. Ei er alt blitt brukt i innleiinga for å forstå den økonomiske tilnærminga for Lofoten. Dette krevjar at lokalsamfunnet er homogent einig i korleis stadet skal utviklast som produkt. Derimot risikerer ein å underkue interne aktørar som kan ha ei anna oppfatning, og at eksterne aktørar er det einaste synspunktet som kjem til syne. Den andre tilnærminga ser på potensialet innad lokalsamfunnet og vurderer stadets evne til å tiltrekke kompetanse og auke innovative kapasitet. Det skal likevel påpeikast at dette er tilnærmingar som forutset at næringslivsinteresser er representativt for lokalsamfunnets populasjon. Eit klart svakheitsteikn med tilnærmingane er derfor at kompleksiteten for kva som sjåast på som attraktivt lett kan bli malplassert frå eit økonomisk perspektiv. Når ein derfor undersøker samfunnet, så skal ein forvente at omgrepet attraktivitet åleine kan vere konfliktfylt, prega av ulik oppfatning basert på posisjon som ekstern eller intern, samt at alle si forståing av omgrepet er eit gyldig synspunkt. Når ein først tar alt dette inn til omtanke, kan ein byrje å forstå korleis lokalsamfunnet oppfattar sin attraktivitet. Dette bringer ein til primært to type diskursar med særtrekk eit samfunn kan kategoriserast som; bustaddiskurs og autonomidiskurs (Villa & Haugen, 2016, ss. 98-99).

Bustaddiskurs

I korte trekk handlar bustaddiskursen om kvaliteten på staden står i samanheng med eksterne styringsstrukturar. Eit døme er kommunen, fylket eller den norske stat. Det handlar ikkje naudsynt om lokal verdiskaping, viss eit reelt alternativ er å kunne pendle. Dette er noko ein ser med tettstadar som omkransar byar. Arbeidsplassar er minst viktig, medan tenestetilbodet står sentralt. Ideen om det «rurale idyll» står sterkt her (2016, ss. 103-104).

Autonomidiskurs

Lokalsamfunnet forståast som ei autonom stad, geografisk avgrensa og i kontinuerleg konkurranse med andre stadar. Mykje står og fell på lokal arbeidsplass og viktigheita av å vere for det meste sjølvdreven. Tross teknologisk framgang og sentralisering av styresmaktar (tilsikta kommunesamanslåingar), så er dette tankesettet like dagsaktuelt. Med stadig aukande globalisert verd, er nettopp det lokale og gjenkjennelege essensen. Stadidentitet er viktig, og

vedlikehaldas med stadige påpeikingar om kva som er kjenneteikna for staden. Lokal kulturarv er til dømes eit slikt element (Villa & Haugen, 2016, ss. 104-105).

Ulik forståing av attraktive samfunn

Det er no etablert at eit lokalsamfunn kan forståast med to ulike diskursar for attraktivitet. Fellesskap for begge er at mange stadar kan rangerast ein stad mellom desse. Når ein likevel skal vege slike stadar opp om ei av desse diskursane, kjem ein ikkje forutan å opplyse om agonismer. Dette er potensielle konfliktområde som er mogleg å nå ei felles forsoning rundt. Ueinigheita skjer mest på bakgrunn av kva som blir forstått og tolka i høve samfunnsutvikling. Eit eksempel er vurdering om ein stad skal forståast som geografisk avgrensa eller som ein del av eit større fellesskap. .

Ifølgje Villa blei lokalsamfunn som gjennomgjekk samanslåing på 1960-talet gradvis tilhøyrande bustads-diskursen: «relevansen av autonomi, produktivitet og felles stedsidentitet som preget de tidligere lokalsamfunnene fikk mindre betydning» (2016, s. 107).

Andre sentrale agonismer handlar om forståing om kva staden består av. Med ei sterk trend av globalisering blir autonomidiskursen ei type motvekt som favoriserer staden si særeiga kvalitet. Dette kan vere i form av eit sentrum som gir uttrykk for fellesskap og identitet. Ikkje berre handlar det om eit felles samlingspunkt, men det takast også initiativ til å utvikle staden. Potensialet for plassen skal byggjast på i kollektiv. I motsetnad siktast bustaddiskursen til at innbyggjarane stiller krav direkte til myndigheit og teiknast som ein brukar av velferdsstaten. Individperspektivet rår, og skal først og fremst sørge for at innbyggjaren har det bra framfor samfunnet som heilheit. Verdiskaping må ikkje naudsynt førekomme i lokalsamfunnet, noko som er ei markant forskjell frå autonomidiskursen. Dette munnar ut til at sistnemnte diskurs framhevar si natur og kultur som fundamentale verdiar. Desse verdiane kan så nyttast til produktivitet framfor noko visuelt og praktisk slik bustaddiskursen. Med andre ord så blir stadets attraktivitet vurdert frå korleis lokalsamfunnet kan selje plassen som ei type «merkevare» (Villa & Haugen, 2016, ss. 108-111).

Spesielt byar, men også tettstadar har hatt tendens til å sette identitetskonstruksjonar og merkevarebygging i fokus etter kvart som konkurransen aukar. Det munnar ut i kampen om å ha dei beste kvalitetane, fortrinn og særpreg for at tiltrekke seg busetjing, næringsverksamheit, reiseliv og utdanning for å nemne nokon. Når ein arbeidar derfor med

stadutvikling, blir det satt eit ekstra fokus på strategiar som vil framheve kultur i vid forstand og støtte oppom kulturbaserte næringar (Skogheim & Vestby, 2010, ss. 34-35).

2.3. Styrkar og svakheiter med valt teori

Den valte teorien er sterk når det kjem til historia av forvaltning av kulturarven. Samt definerer omgrepa som er relevante for oppgåva. Den teorien som spelar størst rolle er dei diskursive tilnærmingane. Bustad- og autonomidiskurs er vide, og blei til i etterkant av det relativt nye forskingsprosjektet. Derfor er teorien også dagsaktuell i sin bruk.

Ei openberr svakheit er at desse diskursane er basert på vitskaplege forskingsprosjekt gjennomført i ei anna region av Noreg. Det er ikkje gitt at desse to typane for diskursar kan gjenspegle nøyaktig korleis Stad kommune planlegg sin bruk av kulturarven i samband med attraktivitet. Det er også klart at valt teori er svært avgrensa til å berre stamma frå eit fåtal bøker og rapportar.

3. Metode

I denne seksjonen av teksten skal det gjerast greie for korleis innsanking av data blei gjennomført. Metodevalet er basert på den deduktiv-logiske tenkjemåten, der teori er utgangspunktet for empiriske observasjonar (Halvorsen, 2008, s. 24). Metoden vart valt på grunnlag av forskingsspørsmåla. Bacheloroppgåva handlar om å undersøke Stad kommune som organisasjon og forvaltar av kulturarven. Derfor blei valet å gjennomføre fleire dokumentanalysar og kvalitative intervju. Det skal opplyst at metoden var planlagt i lys av eit Covid-19 fritt samfunn. Det var derfor ikkje til å unngå at pandemien har påverka gjennomføringa av metoden til ei viss grad. Dette blir gjort greie for under forskingsdesignet og korleis det gjor utslag på metodeval.

3.1. Dokumentanalyse

I byrjing av oppgåva framheva eg at min entusiasme for historikk ikkje skulle påverke oppgåva sin objektivitet. Derfor konkluderte eg at Stad kommunes kommunedelplan for kulturarv skal vere grunnlaget for det som blei den vidare forskinga. Det er verdt å merke seg at med den nylege samanslåinga så opererer kommunen det med to funksjonelle kommunedelplanar. Eg vil ta føre meg begge «kommunedelplan for kulturarv» for Eid og Selje respektivt. Planane er tematiske og inneheld ei handlingsdel. Begge gir eit uttrykk for kva dei gamle kommunane meinte var sentrale kulturminne å fokusere på. Samt at planane er direkte knytt til KIK-prosjektet frå Riksantikvaren. Derfor ligg der retningslinjer frå statleg nivå for korleis kommunen skal prioritere.

Under samanslåingsprosessen så utarbeida fellesnemnda også ei strategiar for stadutvikling, næringsutvikling og reselivutvikling. Desse blir det og behov for å gjennomføre ei dokumentanalyse, då desse legg premissa for utarbeiding av kommunen sine framtidige planar og kva dei skal sette fokus på.

Fellestrekk for både kulturminneplanane og strategidokumenta er hovudsakleg at det inngår som kommunens samfunnsdel. For augeblikket arbeider kommunen med ei ny samfunnsdel, derfor blir ikkje den tatt med i analysen. Det betyr også at dei førstnemnte dokumenta også utgjer den rådande «planen» for kommunen. Dette påverkar også kva spørsmål som stillast i intervjuguidane for både spørjeskjema og interjuv.

3.2. Kvalitativ metode

Det kvalitative oppsettet har som mål å svare på spørsmålet om korleis Stad skal nå sine målsettingar. Samt å få eit inntrykk om kva kommunen prioriterer for å få fram god stadattraktivitet. Her var intensjonen å få svar frå fleire planleggjarar frå kommunens administrasjon for kultur- og samfunnsutvikling. Det kan enkelt grunnjevast med at dei planleggjarane som sit i denne avdelinga har ekspertise innanfor området. Eventuelt andre som har tidlegare arbeid for gamle Selje og Eid kommune og som bidrog i utarbeidinga av kommunedelplan for kulturarv. Intervjuet skal bidra til å samle inn data for analyse og gje eit svar med god substans til kva betydning kulturarv har å seie for kommunen. I tillegg skal interjuva svare om kommunen har sett klare avgrensingar for når og til kva kulturarven kan nyttast som ressurs.

Utvalet bestod av tre informantar. Alle tre har hatt tilknytning til utarbeiding av enten Eid eller Selje si kommunedelplan for kulturarv. I tillegg har to av dei vore deltakande i kommunesamanslåingsprosessen og bidrege til å framstille strategidokumenta. Utvalet var ikkje utplukka på forhånd. Det var på kommunens anbefaling at desse blei spurt om å få delta på intervju.

Kvalitative data gir ei djupare forståing av korleis offentleg forvaltning skal ta omsyn for mange interesser når det kjem til stadutvikling. Det er å forvente at svara respondenten gir byggjar på eit sterkt grunnlag av erfaring for kva lovverk, offentlege retningslinjer, planleggingsteori og generell praksis for å nemne noko. Ikkje minst kan respondenten gje eit heilskapleg bilete av situasjonen som undersøkast. Der kjem sjølvsagt nokon ulemper til å skulle gjennomføre eit slike djupintervju. Først og fremst er den tidkrevjande, både i før, under og i etterkant av eit slik innsamling av data. Det var eit reelt faremoment at dei svara eg hadde forventa, ikkje naudsynt kom. Om mogleg enda verre viss intervjuet gjekk utanfor kontroll og for mykje detaljar blei framlagt.

Interjuva med dei tre tilsette i Stad kommune har bidratt med å få informasjon om korleis kommunen planleggjar og nyttar kulturarv som ressurs. Nokon av desse tilsette har vore i direkte arbeid med kommunedelplanen, medan andre har i nyare tid brukt dei som utgangspunkt for utarbeidinga av strategidokumenta til Stad kommune. Som allereie etablert, blei Eid og Selje slått saman til Stad kommune. Sidan den nye kommunen likevel ikkje kom i kraft før 01.01.2020, så var det mange eksemplar der respondentane berre kunne ta utgangspunkt i dei gamle kommunane sitt arbeid.

3.3. Gjennomarbeiding av innsamla data

Etter å ha gjennomført metodearbeidet, er tid for refleksjon rundt datainnsamlinga. Med avgrensingar til den kvalitative metoden, så kjem det med visse ulemper. Først og fremst har intervju over telefon hindra moglegheita til å analysere respondentar sine kroppsspråk. I tillegg blei det ikkje gjennomført opptak, noko som kan vere utslagsgivande for dei svara som blei notert. Samt at nedskrivning av svar imens interjuvet forgjekk gjorde at konsentrasjonen måtte dele seg på fleire element.

I slike omstenda har det vore sentralt å få kvalitetssikra svara. Derfor fekk kvar samtlege respondent moglegheit til å rette på svara som blei gjeve, i etterkant av interjuvet. Sjølv sagt blei det gjort eit forarbeid på svara. Det betyr at informantane fekk tilsendt svara sin tilbake i form av fullstendige setningar, i staden for notata som blei skrive ned.

3.4. Validitet og reliabilitet

Eit viktig element uavhengig av kva metodearbeid er at den kan fagleg forankrast til sterke empiriske resultat. Det var rimeleg å forvente at eit slikt metodeopplegg ville leggje til rette for ei god validering av resultat. Her har også dokumentanalysen satt ei grense for kva kunne undersøkast. Det må derimot påpeikast at sidan analysen uansett føregjekk i ei bestemt kommune, og kulturarv er noko som skil stadar frå andre, kan ei ekstern validering vere nokså avgrensa og vanskeleg å nytte i t.d. andre kommunar. Pålitelegheita kan har også ein del kritiske spørsmål. På kva grunnlag kunne ein blant anna stole på at dokumentanalysen av kulturminneplanen hadde riktige kjelde? Det er ingen garanti for at feilkjelder kan oppstå. (2016, s. 173) Likevel så har dokumentanalysen vist at kommunen har i arbeidet av desse planane gjennomført ei brei medverknadsprosess, noko som styrkjer reliabiliteten til kommunedelplanen. Dette sikrar også at bacheloroppgåva har tatt omsyn til kva kommunen opererer med i høve forvaltning av kulturarv.

3.5. Ethiske omsyn

Ei vital del av bacheloroppgåva var vurderinga av etiske omsyn. Utforminga av intervjuguiden blei stilt i eit kritisk perspektiv. Først og fremst handlar dette om å bevare integriteten i oppgåva. Derfor blei respondentane som skulle representere Stad kommune gjort observant på kva føremål innsamling av data gjekk til, og vidare korleis dette blei innarbeid i oppgåvesvaret. Presisering for dei kommunalt tilsette om at deltaking i intervju skulle vere på frivillig basis var viktig å få fram. Intervjuet skulle heller ikkje samle inn nokon personlege opplysningar. Problemstillinga satt allereie grensar for kva data som skulle samlast inn og skulle fungere på generell basis. Derfor alle respondentane anonymisert, sidan personlege element ikkje gjer seg gjeldande for forskinga.

4. Empiri

I denne seksjonen av oppgåve framleggast det funn frå innsamla data. Materialet består som sagt av dokumentanalyse av kulturminneplanar, strategidokument og intervju.

4.1. Dokumentanalyse av kommunedelplanar for kulturarv

Kommunedelplanen skal kunne gjennom dokumentanalyse framheve kva kommunens sine overordna mål er. Det bør poengterast at eine av desse planane blei laga før kommunesamanslåing mellom Selje og Eid var vurdert. Likevel blir desse likebehandla nettopp fordi dei skulle vere aktuelle fram mot 2029.

Det er to kommunedelplanar som skal analyserast, desse vere *Eid kommunedelplan for kulturarven 2017-2029* og *kommunedelplan for kulturarven i Selje kommune 2019-2029*.

Kommunedelplanane gjer seg klar i at desse blei utarbeida på oppfordring av gamle Sogn og Fjordane fylkeskommune, som igjen hadde mottatt retningslinjer frå Riksantikvaren. Begge institusjonane si faglege og finansielle midlar var ei viktig føresetnad for utarbeiding av planen. Planane blei bygd på retningslinjer frå statlege og regionale nivå. Nasjonale forventningar la fram viktigheita av at kommunane skal kunne identifisere viktige kulturminne, at desse blei tatt omsyn til og vidare nytta som ressursar i samfunnsutviklinga. Kommunedelplanane siterar følgjande frå Nasjonalt miljømål 2.1.: «å redusere tapet av verneverdige kulturminne». Riksantikvaren tok dette til følgje og oppfordra til skapinga av kulturminneplanar, med intensjon for å «styrke kompetansen om kulturminne i kommunane og få betre oversikt over verneverdige kulturminne». Slike planar skulle då «aktualisere kulturarven si rolle i samfunnsutviklinga». Gamle Sogn og Fjordane fylkeskommune valte å følgje opp riksantikvarens satsing. Dei oppmoda kommunane å «utvikle attraktive og verdiskapande lokalsamfunn», sidan desse er hovudaktør i forvaltninga av kulturhistoriske verdiar. Det var derfor også kommunens ansvar å skaffe oversikt av kulturminna, forhindre tap av desse med å setje dei på dagsorden.

Kommunedelplanane blei utarbeidd i ei periode der kommunesamanslåing var på agendaen. Det er derfor likskapar å finne mellom desse planane. Då kommunedelplanen til Selje kom ut, var det knappe tre månader før kommunen skulle samanslåast med Eid og bli til Stad kommune. I Selje sin plan blei det derfor poengtert følgjande: «planen er bygt opp etter same mønster som kulturarvplanen for Eid kommune, noko som forenkler overgangen til ei ny

kommunedelplan for kulturarven i nye Stad kommune.» I denne førebuingsperioden blei det og gjort klart at ei ny kommunedelplan for kulturarv skulle utarbeidast på i 2022. Dette ligg nå under dokument for Stad kommunes planstrategi for kommunestyreperiode 2020-2023.

Begge kommunedelplanane delar same avsnitt om kulturarven som ressurs. Ambisjonen er å få næringsliv til å ta utgangspunkt i enkelte element frå kulturarven og utvikle produkt og opplevingar. Samt at lag og organisasjonar kan arrangere samlingar, og innbyggjarar skal kunne få innblikk i historia. Det munnar ut til at kommunen skal kunne sikre kjennskap til lokal historie og dermed velje kva kulturminne vert viktige å ta vare på for også komande generasjonar å oppleve. Dei aller viktigaste burde dermed vernast.

Det viktigaste punktet der kommunedelplanane skil seg ut, er i forhold til kva mål som blir stilt. Eid sin plan inneheld fire punkter, til forskjell frå Selje sine tre. Det eine punktet er handlar om restaurering av kulturarv. Her var målsetjinga at Eid kommune skal kunne bidra til at minst tre kulturminne/kulturlandskap skulle restaurerast kvart år. Det var eit særskild fokus på å at kommunen då skulle sikre god informasjonsspreiing til aktuelle aktørar. Dette skulle sikre eit godt grunnlag for å utarbeide søknadar av god kvalitet.

4.2. Dokumentanalyse av strategidokument

Som tidlegare nemnt, utarbeide fellesnemnda for Stad kommune tre strategidokument. Desse er «Strategi for stadutvikling», «Reiselivsstrategi» og «Næringsstrategi». Desse tre relativt korte strategidokumenta framhevar kva kommunen legg fokus på, deriblant i planstrategien og vil sjåast i heilskap.

Strategi for stadutvikling fortel om idealet Stad kommune forsøker å nå; samskapingskommunen. Det betyr at kommunen og private/sivile skal vere likestilt og gjensidige av kvarandre. Kommunen eksplisitt spør «kva kan vi få til saman?».

Strategidokumentet sett derfor ned mål som langsiktig skal sikre kommunen vekst i folketal og arbeidsplassar. For fanen «strategiske tiltak» så framhevast det fire kjelder til auka bustadattraktivitet. Desse vere «areal og bygningar», «fasilitetar», «omdømme», og «identitet og stadleg kultur». Alle desse kjeldene er lagt fram av Telemarkforskning, som kommunen nyttar aktivt i strategidokumenta. For Stad som distriktskommune kjem det fram at suksess skjer mest gjennom ei god utviklingskultur og kunnskapsdeling på tvers av fag- og sektorgrensar. Dette gjeld også i utviklinga av nye arbeidsplassar (Strategi for stadutvikling,

2019, ss. 6-10). Dette er sterkt etterspurt i djupintervju med lokale eldsjeler, der lokal historie bør inkluderes bedre i turistnæring. Det munnast ut til seks hovudstrategiar, derav ein peikar på formidling av stadkvalitet, identitet og historie til stadane (Strategi for stadutvikling, 2019, s. 24)

Strategi for reiseliv tar sikte på utvikling av mål og strategiar for reiselivsnæringa fram mot år 2030. Dette inkluderer korleis kulturminne og anna kulturarv kjem i bruk for tiltrekke seg besøkjande. Dokumentet viser til ei SWOT-analyse som skal vise Stad kommune både frå internt og eksternt. Kommunen ser på kulturminneplanane som ei sterk side, sett i lys av god kartlegging over historie og kulturminne, og att desse er frå før svært attraktive besøksmål. Selja Kloster og Eidsgata er framheva for sine sterke appellar retta mot kulturturistane. Det er denne type turistar kommunen legg oppmerksomheit til, mykje pga. dei har høg betalingsvilje. (Strategi for reiseliv, 2019, s. 14) Dokumentet fastsett at vegkartet vidare handlar mykje om at Stad kommune fokuserer på lokal identitet, vern av kulturminne og historieforteljing, viss det skal nå målet om å bli ei nasjonal kulturdestinasjon. (Strategi for reiseliv, 2019, ss. 19-20) Dokumentet i seg sjølv skal også sikre kommunen ei tydeleg identitet, stolte innbyggjarar og attraktivitet for både buande, besøkande og arbeidande. (Strategi for reiseliv, 2019, s. 27)

Næringsstrategien stadfestar at Stad kommune spelar ei viktig rolle for å sikre nyskapande næringsliv i kommunen. Det blir etterspurt frå næringslivet at kommunen rettar fokus på tilbod og tenester som aukar bu- besøks- og næringsattraktiviteten. På bakgrunn av dei to tidlegare nemnte strategiane, så forventar kommunen ei sterk vekst i reiselivet. Det trekkast fram i ei SWOT-analyse at naturen er ei av kommunens sterke sider. Samt at under fanen «moglegheter» så listes potensialet for å byggje identitet og stoltheit gjennom kommunens unike salspunkt; «natur, fritid, kultur og næringar» opp som eit viktig punkt (Strategi for næring, 2018, s. 20).

4.3. Kvalitativ djupintervju

Interjuva opna opp om refleksjonar for korleis dei gamle kommunane arbeidde med kulturarv. Samt at dei bidrar til å gi eit meir fullverdig bilete av korleis Stad kommune planlegg å forvalte kulturarven. Det blei mange referansar til både kommunedelplanane og strategidokumenta.

For Eid kommune så spelte kulturarven ei sentral rolle og at fokuset låg på det som var verneverdig. Eid hadde alt klart å bruke dette til sin fordel i form av reiseliv. Det var derfor ikkje vanskeleg å implementere inn vernearbeidet inn i ei ny kommunedelplan for kulturarv, når det først blei etterspurt. I samband med prosjektet opptredde Sogn og Fjordane fylkeskommune og Riksantikvaren som viktige medspelarar for kommunen. For Eid var utarbeidinga av planen ei eksperimentell erfaring. Til forskjell frå andre kommunar, så la Eid eit press på å kartleggje mest mogleg frå lokalsamfunna. Det var viktig at innbyggjarane fekk moglegheit til å peike på kva kulturminne/kulturlandskap som var viktig for dei. Kommunen prioriterte derfor ei større kartleggingsdel enn handlingsdel. Derimot ville handlingsdelen betre gjenspeilast i andre plandokument som planstrategi og som allereie nemnt, strategidokumenta. Det var heller ikkje til å unngå at i byrjinga av denne prosessen så var der eit ynskje om å skape større potensial for næringsliv. Ikkje naudsynt produktet/tenesta einerådande skulle baserast på eit spesifikt kulturminne, men heller vere ei positivt ledd i verksemda. Langsiktig kunne dette opne om å bli ei viktig bidragsytar for å bevare kulturminna i kommunen.

Basert på interjuva så kom det klart fram at Selje kommune har vore meir vanskelegstilt. Tross for at respondentane hadde ulik grad av tilknytning til kommunen, så var det ei tydeleg einigheit at Selje ikkje klarte å bruke kulturarven like godt som Eid. Spesielt var reiselivskonseptet det prominente døme. Mykje av forklaringa låg på fleire faktorar som danna ei nedgåande spiral. Type eksemplar var nedgang av innbyggjarar, ROBEK-lista og mangelfull informasjonsspreiing om kva kulturminne og kulturlandskap kommunen hadde. Då ideen om å lage ei kommunedelplan for kulturarven spira opp, så var Selje alt kome langt i kommunesamanslåingsprosessen. Det falt derfor naturleg at Eid si kommuneadministrasjon skulle hjelpe til i utforminga av planen. Mest påfallande var dette i form av at den som leia utarbeidinga av planen for Selje, hadde same posisjon då Eid utarbeidde sin plan. Kort forklart var intensjonen frå start at Selje sin kommunedelplan skulle utformast i same stil som Eid sin plan.

I etterkant av samanslåinga, har Stad kommune fått ei større administrasjon som arbeidar frå begge dei tidlegare kommunesentera. For augeblikket arbeidar kommunen med stadanalysar for tettstadar i gamle Selje kommune. Intensjonen er å få fram svakheiter og styrker med tettstadane. Interjuva blei gjennomført medan prosedyren fortsett føregjekk, men at kulturminne og kulturlandskap er sett på som ei vesentleg styrkje for desse stadane. Relativt

nye Stad hotell i Leikanger baserer sin verksemda på turistar som har eit ynskje for å oppleve kulturlandskapet og historia på Stadlandet. Dette gjenspeilar seg også i strategidokumentet for reiseliv, med mål om å tiltrekke seg «kulturturistar». Eit anna kulturminne ville vere Klosteret på Selja og kommunens nye prosjekt som ein del av pilegrimsleda. Med å inngå i eit samarbeid med pilegrimssenteret i Trondheim, så vil kommunen også kunne tiltrekke seg besøkjande pilegrimar. Som eit ledd i dette arbeidet, har delar av det gamle kommunehuset blitt omgjort til eit senter om St. Sunniva. Samt at kommunen prioriterer å få lage ei forvaltningsplan for øya.

Ut frå kommunane si historikk så er det tydeleg at Selje har underprestert i forhold til Eid. Respondentane er ærleg på at Selje er prioritert for augeblikket, nettopp pga. potensialet som er til stades. Ikkje minst kan dette også skuldast at Eid har alt etablert reiseattraksjonar som Sagaparken, Vikinghaugane og vikingskipet som alle manifesterer Nordfjordeids kulturelle og historiske verdi.

4.4. Oppsummering

Empirien ber preg av at Selje var avhengig av hjelp frå Eid kommune til å få gjennomført si kartlegging av kulturarven. Det er tydeleg at kommunesamanslåingsprosessen var ei medverkande faktor for at Selje fekk på plass si kommunedelplan. Det er også tydeleg at kommunedelplanane vil vere lette å slå saman ved fornying i 2022. Ikkje minst kan den nye planen lagast på bakgrunn av strategidokumenta. Det er forventa frå kommunen si side at fornyinga av desse planane ikkje vil leie til noko konflikt. Eid har også klart å holde ei kontinuerleg tilstraum av interesse for kulturarv, der Selje har mangla på kunnskapsspreiing. Likevel så ligg det mykje potensiale for å gjere Selje meir attraktivt.

5. Drøfting

I denne seksjonen av oppgåva skal det drivast diskusjon opp mot kvart forskingsspørsmål. Kwart spørsmål utgjer derfor eit underkapittel. I slutten av diskusjonen vil problemstillinga trekkjast ned til ein endeleg konklusjon.

Med kommunereforma som tok i kraft frå 1. januar 2020 så vil tidlegare kommunesentrum kanskje revurdere kvar dei står. Er eit tidlegare sentrum for administrasjon no blitt ei utkant? Dette varierer gjerne etter geografisk avstand mellom dei to eller fleire kommunesentera før samanslåinga, men spørsmålet gjer seg likevel aktuell for denne oppgåva

5.1. Kva målsetting har kulturminneplanane i Stad kommune for bruk av i kulturarv

Målsettingane i kulturminneplanane kan delast inn etter dei tre nivåa av offentleg forvaltning. Engasjementet for planen har kome frå fleire hald. Først og fremst gjennom lovverket. Denne kan setjast i samanheng med Riksantikvaren sidan det utgjer statleg nivå av planlegging for kulturarven. Frå regionalt har ein tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune, og lokalt var det Selje og Eid kommune respektivt. Kulturminneplanane har også ei handlingsdel som konkretiserer kva mål no Stad kommune prioriterer.

På regionalt nivå følgde tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune Riksantikvarens initiativ. Det blei framheva at kommunen har potensiale *til å utvikle attraktive og verdiskapande lokalsamfunn*. Derfor blei forventningar lagt til kommunane om at anskaffing av god oversikt over kulturminne, og å setje desse på dagsorden vil forhindre ytterlegare tap av kulturarv. Samt at både Riksantikvaren og fylkeskommunen gav økonomisk stønad til kommunane for å utarbeide ei kulturminneplan.

Kulturminneplanane har som nemnt blitt utarbeida til ulik tid. Eid sin plan kom på plass i ei periode der samanslåing med Selje kommune ikkje var på dagsordenen. Eid satt seg fire mål i arbeidet med kulturminneplanen. Første punkt skulle sikre at den gamle kommunen aktivt skulle legge til rette for aktørar som ynskjer å utvikle kulturarven. Det vil sikre at den blir brukt som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling. Planens andre mål plikter kommunen å gjennomføre formidlings- og/eller vernetiltak for den utvalde kulturarven.

Det tredje målet tar sikte på at kommunen kan gjennom plan- og bygningslova skal kunne verne kulturminne som er vurdert som ei lokal viktig verdi. Her understrekar kommunen også

at innan kulturminne gjeld også kulturmiljø og kulturlandskap. Den kulturarven som då blei verna, ville også i kommunens perspektiv aktualisere den som ei ressurs.

Det viktigaste punktet der kommunedelplanane skil seg ut, er i forhold til kva mål som blir stilt. Eid sin plan inneheld fire punkter, til forskjell frå Selje sine tre. Det eine punktet er handlar om restaurering av kulturarv. Her var målsetjinga at Eid kommune skal kunne bidra til at minst tre kulturminne/kulturlandskap skulle restaurerast kvart år. Det var eit særskild fokus på å at kommunen då skulle sikre god informasjonsspreiing til aktuelle aktørar. Dette skulle sikre eit godt grunnlag for å utarbeide søknadar av god kvalitet.

5.2. Kva framgangsmåte har kommunen for å nå desse målsettingane?

Før samanslåinga sørgja begge kommunane for å ha ei breiast mogleg kartlegging av kulturminne. Dette kom fram gjennom medverknadsprosessen, der små og større lokalsamfunn blei invitert til møter med planleggjarane. I korte trekk fekk lokalbefolkninga moglegheit til å framheve kjente og mindre kjente kulturminne og kulturlandskap. I ei kommentar frå eit av interjuva kunne planleggjaren avsløre at denne framgangsmåten var i kontrast med andre kommunar i fylket (Sogn og Fjordane). Det var sett på som ei styrke å få best mogleg oversikt av heile kommunens territorium, framfor å ha ei lengre handlingsdel med eit mindre utval kulturminne. I oppfølgingsspørsmål om dette var ei svakheit for planen si heilheit blei det respondert med at kommunedelplanen har to funksjonar. Eine var kartlegginga av kulturarven, noko som igjen kunne avvendast som kunnskap til skule, næringsliv, og sivile. Det handlar om å fortelje historia, og på den måten få innbyggjarane til å bli betre kjent (og moglegvis meir stolt) over heimkommunen. Ifølgje næringslivsstrategien så er det viktig «å framsnakke den nye kommunen, skape kultur for å heie på kvarandre, og unne naboene suksess» (Strategi for næring, 2018, s. 26). Det andre handla om at kommunedelplanane var tenkt på som utgangspunkt til handlingsdelar i andre plandokument. Deriblant var strategidokumenta ei slik type plandokument.

Strategidokument sett ei leiande retningslinje for korleis kommunen skal nå sine mål. Å leggje til rette for næringslivet er ei av Stads viktigaste prioriteringar. Ideelt sett skal private aktørar bidra med ivaretakinga av kulturarven. Ivaretakinga skjer i form av å ta i bruk t.d. bygningar eller å bruke kulturminna og kulturlandskapet som eit ledd i verksemda. Det er også her det blir synleg at stryking av kulturminneplanens mål om restaurering av tre

kulturminne ikkje naudsynt slår dårleg ut. Mest skuldast respondentens svar i interjuvet om at dette målet blei imøtekome etter kvart som næringslivsaktørar søkar om støtte til restaurering. Langsiktig vil næringslivet kanskje bidra til vekst i arbeidsplassar, og med det og tiltrekkje seg nye busetjarar.

Desse målsettingane blir også sett lys på i strategi for reiseliv. Her inngår kulturarven som ei av fleire virkemidlar for å tiltrekkje seg fleire besøkjande. I så måte kan ein sei at viss kommunen oppnår suksess med strategien, så oppfyller det kommunedelplanenes første mål om kulturarv som ressurs. Ekstra godt vil dette ha for gamle Selje kommune. Som tidlegare nemnt har Stad kommune særleg fokus på å promotere kyst- og fiskekulturen i det området. I interjuva kom det tydeleg fram at besøkstalet i Selje kommune ikkje presterte like godt som sin motpart Eid. Som eit større mål har Stad plan om å utvikle den gamle kommunen i form av auka tiltrekking av besøkande. Langsiktig skal dette bidra vekst i arbeidsplass, busetjingar og drive fram nye private aktørar i lokalsamfunnet.

Til slutt uttrykker den nokså ferske planstrategien for Stad kommune at kulturarven blir vidare satsa på. Deriblant skal det utformast ei ny kommunedelplan for kulturarv i 2022. Dette på bakgrunn av at Stad kommune for augeblikket opererer med for mange planar. Det må påpeikast at i utarbeidinga av Selje sin kulturminneplan, drog kommunen inspirasjon frå Eid sin plan. Samt at mange av planleggjarane for Eid si plan, deltok på utarbeidinga av Selje sin plan. I byrjinga av kommunedelplanen framhevast det at dokumenta blei strukturert i lik dan som Eid si plan på bakgrunn av kommunesamanslåinga og forventninga om at planane ein gong skulle fornyast til ei samlande kulturminneplan. Derfor var planleggjarane negative til at interessekonfliktar kunne oppstå når fornyinga av dei to planane tek plass. Målet om å restaurere minst tre kulturminne årleg vil med stort sannsyn og forsvinne. Mykje skuldast at planleggjarane fant målet unyttig og at kommunen uansett pliktar seg sjølv å restaurere kulturminne skulle interessa frå andre aktørar kome til syne. I korte trekk vil kommunen vere positiv til restaurering, såframt at interessa var til stades.

5.3. Korleis vil kommunens arbeid av kulturarv bidra til skape meir attraktive samfunn?

Dette spørsmålet blir dei diskursive tilnærmingane nytta for å vurdere korleis Stad kommune ynskjer å skape meir attraktive lokalsamfunn. Plandokumenta og intervjuar har gitt eit heilskapleg uttrykk for korleis kulturarven vert brukt som ressurs. Spørsmålet her ynskjer å finne kva diskurs Stad kommune si forvaltning av kulturarven lener seg mot. Som i teorien så er det og tenkeleg at ein kan finne agonismer, og desse vil også blir gjort greie for.

I strategidokumenta så er Telemarkforskning sine konklusjonar avgjerande for kva faktorar kommunen skal fokusere på. Ein ser på faktorar for trivsel, bu-attraktivitet og viktigheita av arbeidsplassar. Kulturarv og bruken av den, er ei slik faktor. Kulturarv bidrar til identitet. Dei aller fleste innbyggjarane er etter oppfatning frå kommunen stolt over å vise lokalsamfunna sine historiske røter. Basert på kommunetilsette sine egne erfaringar, så er lokalsamfunna positive til å bruke Stad kommune si immaterielle kulturarv, det vere naturlandskap, bygningar, etc.. for å tiltrekke seg besøkjande. Dette viker vekk frå autonomidiskursen, og rettar seg meir mot bustaddiskursen. Her oppfattar kommunen at folk ser ei heilheit for at kommunen har behov for meir tilflyttarar.

Samskaping dannar essensen for kva kommune ynskjer å oppnå. Dette skal derfor gjenspeilast i plandokumenta og i form av engasjement frå private og sivile. Meir engasjement vil sørge for at innbyggjarane får ei sterkare medkjensle til kommunen og kulturarven. Arbeidet i kommunedelplanane hadde med hensikt å reflektere dette. Kulturarven skal bringe stadidentitet og med det sikre engasjement for lokalsamfunna. Å vise lokalsamfunna frå si «beste side» vil bidra til meir attraktive samfunn generelt.

Strategidokumentet for stadutvikling reflekterer best angående situasjonen til kommunen om behovet for tilflyttarar. Målet er å få busetjing- og besøksoppgang. Derfor kan vern av kulturminne, promotering av slike kulturminne og naturlandskap vere avgjerande for ny tiltrekking av folk. Skulle dette likevel ikkje fungere, er det ikkje til å unngå at å gjere lokalbefolkninga klar over lokale symbol også manifesterer stadidentitet.

Bustaddiskursen tar sikte på å sjå lokalsamfunnet som eit ledd i ei større samfunn. Denne tilnærminga meiner attraktivitet best gjenspeglast med at tettstaden skal vere eit god plass for bustad. Då dei gamle kommunane utarbeida kulturminneplanane, så var det viktig å få fram kunnskap. Med ei brei medverknad, fekk kommunane eit betre grunnlag for å vurdere kva

innbyggjarane kjente sterkast tilknytning til. Som det kom fram i interjuva, så skulle planane nyttast for kunnskapsspreiing. I syn av bustaddiskursen så kan det derfor tenkast at dei oversiktlege planane gir eit godt grunnlag for å lære om og knytte lokalsamfunna opp mot ei større einskap. I samband med kommunens fokus på tilflytting, så vil draumen om det «rurale idyll» også vere ei avgjerande faktor. Som tidlegare nemnt er Stad kommune svært betrakta for sitt naturlandskap langs Nordfjorden og Stadhalvøya. Kulturarv er også som kjent kulturlandskap, som i form av turstiar. Opprusting av turstiar i kommunen kan også appellere til personar som har friluftsiinteresser.

Det er mange likheitstrekk ein kan sjå med plandokumenta og autonomidiskursen. Først og fremst er det nærmast gjennomgåande at Stad har intensjon om å bere fram lokalsamfunnas sterkaste sider. Mest synleg er dette i reiselivsstrategien og kulturminneplanane. Med den breie forma for medverknad, har kommunen eit godt bilete på kulturarven. I seg sjølv kunne ein tolke det som ei skritt nærmare bustaddiskursen, men forskjellen er at lokalsamfunna oppmodast om å bruke den lokale kulturarven på eiga initiativ. I klartekst så opnar kommunen for å hjelpe eldsjeler og næringslivsaktørar om å ta i bruk dei lokale ressursane utan at Stad sjølv er direkte involvert. Eit anna argument for denne tolkinga kan skuldast den heller avgrensande handlingsdelen i kulturminneplanane. Det kjem også klart fram i næringsstrategien og strategi for stadutvikling at kommunen ynskjer gjensidigheit i forvaltningsarbeidet. Stad føretrekk derfor å møte eit gjensidig engasjement, før ein går inn for å hjelpe med næringslivsutvikling. Deriblant er kulturminneplanane eit argument som talar for at kommunen legg til rette. Framheving av lokalsamfunna sine sterkaste «trekk» bidrar til å gi kunnskap om tettstadane. Det kan vere at kommunen sjølv innrømmer at nokon av desse tettstadane er betre anlagt for stadutvikling. Den mest innlysande dømet er næringslivsstrategien der kommunen ynskjer ein mentalitet der innbyggjarane skal unne naboens suksess. I klartekst handlar det om aksept for at nokon av lokalsamfunna har naturlandskap og kulturarv som står sterkare og derfor betre utviklingspotensiale. Dette er eit rimeleg poeng sett mot autonomidiskursen. Å kunne framheve lokale kvalitetar vil gi innbyggjarane ei erkjenning over at desse kvalitetane gjer lokalsamfunnet attraktivt. Ikkje minst kan næringslivsiinteresser vere positivt i forhold til vidare lokal utvikling og bevaring av den lokale kulturarven. Eit eksempel som stadig kom fram i interjuva handla om klosteret på øya Selja og den betydninga den spelar inn på tettstaden Selje. Ikkje minst vil klosterets nærheit og historie vere ei avgjerande faktor for lokal identitet.

Utarbeidinga av kulturminneplanane fekk innspel av retningslinjer frå fylkeskommune og Riksantikvaren. Begge forvaltningsorgana har det langsiktige ynskje om at lokal historie vil vere eit positivt innskot i lokalsamfunnsutvikling. Det er presedens frå alle nivå at kulturarv er samfunnsnyttig, og burde brukast som eit gode. Rotevatn presiserte i si tale at både kommune og fylkeskommune har eit særskilt ansvar for å inkludere dette som ressurs. Kulturarv skal vere ei medverkande faktor i planlegging, og dei målsettingane kommunen fastsett bør helst kome til syne i arealplanen. Frå Regjeringa sitt perspektiv, så er forventningane tydelege:

«(...) kommunane legg vekt på arkitektur og kvalitet i dei bygde omgivnadene, og planlegg med utgangspunkt i særpreget til stadene, kulturhistoriske element og viktige landskapstrekk. (...) kulturminne og estetiske kvalitetar særskild nemnd som omsyn som må takast i arealplanlegginga.»

Oppgåva vurderer ikkje om Stad kommune har oppnådd suksess med sitt pågåande arbeid. Her takast det som sagt utgangspunkt i kva kommunen planlegg. Ei metode å illustrere kva god ressursbruk av kulturarv liknar på, kan best eksemplifiserast med Gjesdal kommune. Dette er eit døme Rotevatn sjølv trakk i si tale, nettopp fordi den vant «statens pris for byggkvalitet 2019». Prisen var basert på eit gjennomført prosjekt der kommunen utvikla sitt sentrum med å bruke ei gamal lokstall. På den måten sikre byens: «sosiale, miljømessige, kulturhistoriske og økonomiske berekraft». Medverknad og samarbeid er nøkkelen, og resultatet blei «nye kvalitetar» og styrke stadens «historie og identitet» (Rotevatn, 2019). Ved å samanlikne Stad til Gjesdal, er det tydeleg at førstnemnte tok sikte på brei medverknad for utvikling av kulturminneplanane. Kommunen samarbeider også med fylkeskommunen og pilegrimssenteret for å framheve Selja kloster som lokalt kulturminne. Strategidokumenta legg også retningslinje for samskaping, og opne opp om gjensidig samarbeid mellom aktørar utanfor kommunen.

6. Konklusjon

Problemstillinga har satt fokus på tre faktorar; kulturarv som ressurs, korleis kommunen planleggjar forvaltninga av det, og korleis det bidreg for å skape eit attraktivt samfunn. Svara skulle ein på grunnlag av Stad kommunes målsettingar for kulturarv. Samt få eit innblikk i kommunens forvaltning av kulturarven gjennom intervju. Til slutt blei teori og empiri trekt inn til ei diskusjon om Stad, med si rike kulturarv, klarar å skape meir attraktive samfunn. Så korleis nyttar Stad kommune kulturarven som ressurs for å skape attraktive samfunn?

Kommunedelplanane for kulturarv har gitt ei brei oversikt av kva type kulturarv som eksisterer i kommunens territorium. På initiativ av staten, Riksantikvaren og fylkeskommunen, så sørgja både Eid og Selje å få på plass ei kulturminneplan før samanslåinga. Respondentane kom og fram med at dokumenta var tiltenkt som eit middel for å spreie kunnskap om kommunens historie. Samt at lokalbefolkninga skulle føle ei sterkare tilknytning og stoltheit frå plassen dei er busett. I høve næringsliv fokuserer kommunen på å skape eit heilskapleg bilete av kva kulturminne og naturlandskap som er aktuelle for verksemdar.

Basert på kommunens overordna plandokument som planstrategien, så er der klart fleire punkt der Stad planlegg etter autonomidiskursen. Sjølv om grunnlaget for ei ny identitet og fellesskap er tenkt å kome frå kommunen som lokalt forvaltningsnivå, så er det ikkje til å unngå at lokal kulturarv sett særpreget for lokalsamfunnet. Både kulturminneplanane og Stad kommune sine strategidokument etterspør engasjement blant lokalbefolkninga. Likeins gjeld dette næringslivet. For den nye kommunen handlar det derfor om å framheve sterke tettstadar og bruke kulturarven til vidare stadutvikling. Det kjem mest til syne for vidare planleggingsarbeid i gamle Selje kommune. Tettstadanalysar og utarbeiding av ny forvaltningsplan for Selja kloster er tilskot til Selje. Kommunen ynskjer at dette arbeidet fortsett i fellesskap med lokalsamfunnet og på sikt oppnå «samskapingskommunen».

Til konklusjon så nyttar Stad kommune nyttar som ein ressurs i form av kunnskapsspreiing, hjelpsamheit og som bidrag til å løfte fram næringslivet. Langsiktig bruker kommunen kulturarven som eit identitets- og stadbyggande middel. Det ligg forhåpningar om at dette også vil bidra til å få fleire til å busetje seg i Stad. Det er tydeleg at mykje fokus ligg retta mot tettstadutvikling på Stadhalvøya og at potensialet for nye arbeidsplassar er størst der.

7. Litteraturliste

ABM-utvikling. (2010). *Regjeringen.no*. Henta frå

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kud/kulturvern/avdelingen/rapporter_utredninger/immateriell_kulturarv_i_norge_ambu_2010.pdf

Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet*. 5. utg. Oslo: Cappelen akademisk forlag

Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser*. 3. utg. Cappelen Damm akademisk

Klima- og miljødepartementet. (2020). *Meldinger til Stortinget*. Henta frå Regjeringen.no:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20192020/id2697781/>

Kulturminnelova. (1992). Lov om kulturminner (LOV-1978-06-09-50). Henta frå

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>

Nyhus, H. (2019). *Pilegrimssenteret vil ødelegge Selja*. Henta frå NRK.no/Vestland:

<https://www.nrk.no/vestland/hevdar-at-pilegrimssenteret-vil-oydelegge-selja-1.14728220>

Riksantikvaren. (2020). Henta frå Riksantikvaren.no/kulturmiljo:

<https://www.riksantikvaren.no/kulturmiljo/>

Riksantikvaren. (2020). *Kulturminne i kommunen*. Henta frå Riksantikvaren.no:

<https://www.riksantikvaren.no/kik/>

Klima- og miljødepartementet. (2020). *Meldinger til Stortinget*. Henta frå Regjeringen.no:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20192020/id2697781/>

Rotevatn, S. (2019). *Kulturarv som ressurs i samfunnsutviklinga*. Henta frå Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/kulturarv-som-ressurs-i-samfunnsutviklinga/id2685355/>

Skogheim, R., & Vestby, G. M. (2010) *Kulturarv og stedsidentitet*. Henta frå hioa.no: <http://www.hioa.no/Om-OsloMet/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NIBR/Publikasjoner/Publikasjoner-norsk/Kulturarv-og-stedsidentitet>

Stad kommune. (2018). *Strategi for næring*. Henta frå stad.kommune.no: https://stad.kommune.no/_f/p1/icaf7e4b1-3302-4a08-b27a-eae7105681f6/naringsstrategi.pdf

Stad kommune. (2019). *Strategi for reiseliv*. Henta frå stad.kommune.no: https://stad.kommune.no/_f/p1/i6ba925b1-4fda-42da-9628-5ffcdf26a40/strategi-for-reiseliv.pdf

Stad kommune. (2019). *Strategi for stadutvikling*. Henta frå stad.kommune.no: https://stad.kommune.no/_f/p1/i0ab909da-2190-45af-afca-434ac4083823/strategi-for-stadutvikling.pdf

Villa, Mariann & Haugen, Marit S. (2016). *Lokalsamfunn*. 1.utg. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Winge, N. K. (2013) *Kampen om arealene*. 1.utg. Oslo: Universitetsforlaget

Figurar

Figur 1 Stedsidentitet. Bilete henta frå NIBR-rapport 2010 om kulturarv og stedsidentitet

<http://www.hioa.no/extension/hioa/design/hioa/images/nibr/files/filer/2010-14.pdf>

Vedlegg 1 Intervjuguide

1. Korleis opplever kommunen interessa frå lokalsamfunna i forhold til næringsliv når det kjem til potensialet eit kulturminne har?
2. Er potensialet for ny næringsliv medverkande til kva kulturminne kommunen prioriterer i sitt planarbeid?
3. I situasjonar der kommunen har møtt motstand for å nytte kulturarven som ein ressurs, deriblant klosteret på Selja, korleis møter kommunen desse innsigelsene?
4. Har kommunen eigne grenser for mengda reklamering av eit dei mest besøkte kulturminna?
5. Kva erfaring har kommunen og/eller dei to tidlegare kommunane gjort seg om å dele på ansvaret for kulturminne tidlegare?
6. Har kommunen eller dei to tidlegare kommunane opplevd ein situasjon der høgare planmynde har lagt retningslinjer som ikkje let seg gjere i praksis?
7. Er der noko saksområde kommunen kan tenkje seg å finne utfordrande ved fornying av kommunedelplanane?
8. Korleis vurderer kommunen sitt arbeid med bruk av kulturarven som ressurs for å skape attraktive samfunn?
9. Har kommunen delt erfaring og kunnskap med andre kommuner vedgående denne tematikken?
10. Kor sentralt står samordning i kommunens forvaltning av kulturarv som ressurs?